

# Sosialtenesta (NAV)

## 1. HOVUDTAL DRIFT

## 2. MERKNADER TIL DRIFTSRESULTATET ØKONOMI

Regnskapet totalt for 2015 viser eit meirforbruk på om snautt 500 000 kroner. Forbruket når det gjeld økonomisk sosialhjelp er om lag 1 million kroner over budsjett. Samanlikna med 2014 er forbruket til økonomisk sosialhjelp redusert med om lag 1 million kroner.. I løpet av året tok 169 personar imot økonomisk sosialhjelp. Dette er 9 fleire enn i 2014. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp er høge på Gol samanlikna med dei andre kommunane i Hallingdal.

## 3. STILLINGAR LIKESTILLING/INTEGRERING

Det er tilsett ein mann og 5 kvinner. Av dette er utgiftene til 1,5 stillingar dekkja av Hemsedal kommune. Det er ikkje tilsett personar med nedsett funksjonsevne eller minoritetsbakgrunn.

## 4. SJUKEFRÅVERE/ARBEIDSMILJØ

Avdelinga har eit godt arbeidsmiljø. Sjukefråværet for 2015 var på 3,3 %.

## 5. OPPGÅVER, MÅL OG AKTIVITETAR 2015.

Hovudmålet er å bidra til at brukarane av økonomisk sosialhjelp blir sjølvhjelpne, primært gjennom inntektsgivande arbeid. I tillegg til oppgåver etter lov om sosiale tenester i NAV, er flyktningtenesta lagt inn. Med verknad frå 01.01.13 er NAV Gol og NAV Hemsedal slått saman til NAV Gol og Hemsedal med Gol kommune som vertskommune.

### Flyktningar

Resultata frå introduksjonsprogrammet er framleis gode. Mange kjem ut i arbeid eller utdanning etter å ha fullført programmet.

Gol kommune har i 2015 teke imot 24 flyktningar. 7 av desse kom på familiegjenforening.

## 6. DELTAKING I REGIONALT SAMARBEID

Gjennom NAV er det mykje regionalt samarbeid på mange områder og plan.

I flyktningararbeidet er det mykje samarbeid mellom kommunane i Hallingdal.

## 7. PLANLAGDE OPPGÅVER 2016 INNAFOR VEDTEKE BUDSJETT

Hovudfokus i 2015 vil vere å redusere forbruket av økonomisk sosialhjelp og implementere aktivitetsplikt. Vi skal ha stort fokus på arbeid som det viktigaste verkemiddel for å førebygge fattigdom. Vi skal derfor arbeide målretta for at dei som tek imot økonomisk sosialhjelp og flykningar kjem ut i inntektsgivande arbeid.